



# Prop. 29 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2014 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 21. november 2014,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2014 i samsvar med pkt. 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Det visast til nærare omtale av budsjett- og ressursituasjonen til Konkurransetilsynet under kap. 911, post 01, og behovet for å tilføre verksemda ytterlegare ressursar i 2014.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner, frå 336,856 til 334,156 mill. kroner mot tilsvarende auke under kap. 911, post 01.

##### *Post 30 Miljøtiltak Søve, kan overførast*

Grunna utfordringar med å få på plass ei deponiløysing for avfallet ved Søve gruve, der staten har teke på seg å finansiere og gjennomføre opprydding, har tildeling av oppdraget med opprydding blitt utsett. Som følgje av utsetjinga gjer Nærings-

og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 19,2 mill. kroner i 2014 mot å løyve same beløp i 2015. Det visast til nærare omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Nærings- og fiskeridepartementet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 19,2 mill. kroner, frå 20,5 til 1,3 mill. kroner.

#### Kap. 904 Brønnøysundregistra

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) har på vegne av offentlege verksemder inngått ein avtale om leveranse av sikker eID. Avtalen gjer at Brønnøysundregistra må overføre vel 1,1 mill. kroner til DIFI.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,105 mill. kroner, frå 324,550 til 323,445 mill. kroner, mot tilsvarende auke under kap. 540, post 22.

##### *Post 22 Forvaltning av Altinn-løysinga, kan overførast*

Utgifter knytt til drift av Altinn skal finansierast av tenesteeigarane. Brønnøysundregistra blir faktu-

rert for utgifter og vidarefakturerar deretter tenesteeigarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel i inngått samarbeidsavtale. Brønnøysundregistra har hatt auka utgifter og inntekter som følgje av fleire tenesteeigarar, fleire applikasjonar og oppdrag frå Skattedirektoratet i samband med nye versjonar av Altinn.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 15 mill. kroner, frå 235,2 til 250,2 mill. kroner, mot tilsvarande auke under kap. 3904, post 03.

## Kap. 911 Konkurransetilsynet

### *Post 01 Driftsutgifter*

Konkurransetilsynet har i 2014 ein pressa budsjett- og ressursituasjon, mellom anna på grunn av fleire store fusjonssaker og andre ressurskrevjande konkurransesaker. Dette til tross for at Konkurransetilsynet allereie har gjort betydelege innsparringar og innført stillingsstopp.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner, frå 88,965 til 91,665 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon under kap. 900, post 01, jf. omtale over.

## Kap. 919 Ymse fiskeriformål

### *Post 60 Tilskot til kommunar, kan overførast*

I 2013 vart det lyst ut 45 nye grøne oppdrettsløyve. Dei samla inntektane frå tildelinga av konsesjonar vart i revidert budsjett 2014 berekna til 1 204,2 mill. kroner. Det er lagt til grunn at verts-kommunane skal motta 40 pst. av vederlaget, berekna til 481,7 mill. kroner. Konsesjonar med fastsett lokalitet per 1. november 2014 skal leggjast til grunn ved utrekninga.

Per 1. november 2014 var det gitt endeleg tilsegn om 15 av 45 løyve. Nærings- og fiskeridepartementet behandlar klagar på tildelinga av dei resterande 30 løyva. Innbetalingane knytt til tildelingsrunden er derfor førebels begrensa til dei 15 løyva som vart tildelte i lukka budrunde. Samla vederlag for desse utgjer 904,2 mill. kroner. Kommunane der dei nye løyva blir fordelte får 40 pst. av vederlaget. Ettersom det ikkje skiljast mellom storleiken på vederlaget som er betalt for det ein-skilde løyve, får kvar kommune kr 10,7 mill. kroner som er ein pro-rata del av det samla vederlaget. Dersom løyvet vert knytt til lokalitetar i meir

enn ein kommune, fordelast beløpet likt mellom kommunane. Departementet legg til grunn at det i 2014 kun vert utbetalt vederlag for dei 15 løyva i lukka budrunde, til saman 160,6 mill. kroner.

Det gjenstår å tildele inntil 30 løyve. Klagebehandlinga for desse løyva vil ikkje vere avslutta før 2015. Innbetaling av vederlag for desse løyva og fordeling av kommunane sin del vil ikkje kunne gjerast før i 2015. Nærings- og fiskeridepartementet foreslår at kommunane sin del av desse løyva fordelast etter løyve knytt til lokalitet per 1. april 2015.

Som følgje av dette må løyvinga i 2014 på kap. 919, post 60 reduserast med 321,1 mill. kroner og kap. 3917, post 13 må reduserast med 300 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet vil kome tilbake til Stortinget med forslag om tilsvarande aukiing av løyvingane i 2015.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 321,108 mill. kroner, frå 481,662 til 160,554 mill. kroner.

## Kap. 3917 Fiskeridirektoratet

### *Post 13 Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar*

Det visast til nærare omtale av saken under kap. 919, post 60.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 300 mill. kroner, frå 1 204,155 til 904,155 mill. kroner.

## Kap. 922 Romverksemd

### *Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)*

Kontingenten i den europeiske romorganisasjonen ESA blir utbetalt i euro. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til ESA til anna valutakurs enn den som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2014. Ved Stortinget si handsaming av Prop. 93 S (2013–2014) Tilleggs-løyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2014 vart det gitt ei tilleggs-løyving på 17,4 mill. kroner for å kompensere for styrka eurokurs. Det har no vist seg at anslaget for eurokursen var for høgt, og gjeldande løyving kan såleis reduserast med 4,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4,6 mill. kroner, frå 164,9 til 160,3 mill. kroner.

### *Post 71 Internasjonal romverksemd*

Deltaking i internasjonal romverksemd utbetalt i euro og amerikanske dollar. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til den europeiske romorganisasjonen ESA og i amerikanske dollar til det kanadiske radarsatellittprogrammet, til andre valutakursar enn dei som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2014. Ved Stortinget si hand-saming av Prop. 93 S (2013–2014) Tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2014 vart det gitt ei tilleggsøyving på 34,6 mill. kroner for å kompensere for styrka kursar. Det har no vist seg at anslaga var for høge og gjeldande løyving kan såleis reduserast med 2,8 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,8 mill. kroner, frå 344,3 til 341,5 mill. kroner.

### *Post 73 EU sine romprogram*

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Eurokursen har endra seg i løpet av budsjettåret samanlikna med kursen som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2014. Samstundes skal løyvinga justerast i henhold til gjeldande EØS-prosedyre om det har vore endringar i oppkallinga frå EU.

Noreg har hatt innbetalingar til EU til andre valutakursar enn det som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2014. Endringane utgjer ei auke på 34,4 mill. kroner. Samstundes har det vore ei endring i oppkallinga frå EU, som utgjer ei auke på 4,3 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 38,7 mill. kroner, frå 258,5 til 297,2 mill. kroner.

## **Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram**

### *Post 70 Tilskot*

Løyvinga dekkjer kontingent til Europakommisjonen for norsk deltaking i EU-program som Nærings- og fiskeridepartementet har fagansvar for. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter knytt til oppfølging av programma.

Løyvinga på 54,9 mill. kroner i Saldert budsjett 2014 vart fastsett på grunnlag av forventta eurokurs og budsjettanslag frå Europakommisjonen. Faktiske utbetalingar til Europakommisjonen har

vore lågare enn forventta, mellom anna som følge av lågare kontingentinnbetaling. Samstundes har eurokursen vore høgare enn føreset.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,4 mill. kroner, frå 54,9 til 49,5 mill. kroner.

## **Kap. 926 Drift av forskningsfartøy**

### *Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, kan overførast*

Det er inngått kontrakt med det italienske verftet Fincantieri om bygging av nytt isgåande forskningsfartøy. Ut frå betalingsplanen i kontrakten er gjeldande løyving sett til 213,3 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet er orientert om at det pågår forhandlingar mellom partane for å kome fram til ei omtrent forståing av enkelte forhold under kontrakten. Framdrifta i byggjeprojektet ligg no etter tidsplanen som er fastsett i kontrakten, og det vil ikkje bli utbetalt noko til verftet i 2014. Det vil derfor berre vere behov for midlar til designtenester, godkjenning av klasse-teikningar og drift av prosjektet. Det er ikkje avklart om forseinkinga i framdrifta vil påverke tidspunktet for når fartøyet er klart til bruk.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 173,5 mill. kroner, frå 213,28 til 39,78 mill. kroner.

## **Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap**

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

I Saldert budsjett 2014 er det løyvd 25,7 mill. kroner til å dekkje utgifter og fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning. Posten skal òg dekkje konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Det er knytt ei overskridingsfullmakt til posten.

Dei samla utgiftene for 2014 er anslått til vel 98 mill. kroner. Kjøp av tenester frå eksterne rådgjevarar og meglerforetak i samband med privatisering av statleg eigde selskap, herunder børsnotering av Entra ASA, står for hovuddelen av utgiftene.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 72,6 mill. kroner, frå 25,7 til 98,3 mill. kroner.

**Kap. 960 Raufoss ASA***Post 71 Refusjon for miljøtiltak*

I Saldert budsjett 2014 vart det løyvd 8,3 mill. kroner til refusjonar for miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss. Basert på oppdatert informasjon er det samla behovet no anslått til vel 4 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner, frå 8,3 til 4,4 mill. kroner.

**Kap. 2421 Innovasjon Noreg***Post 70 Bedriftsutvikling og administrasjon*

I statsbudsjettet for 2015 har Regjeringa gjort framlegg om å auke einskilde landsdekkande verkemiddel i Innovasjon Noreg, mellom anna etablerartilskot- og miljøteknologiordningane. Regjeringa vurderer det generelt som føremålstenleg med breitt innretta program utan tematiske avgrensingar, med betydeleg konkurranse om midla. Dette skal bidra til at støtta går til dei kvalitativt beste prosjekta, med størst verdskapingspotensial og samfunnsøkonomisk effekt. Det er samstundes gjort framlegg om å redusere midla til Innovasjon Noreg sine bransjespesifikke verkemiddel over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet for 2015, som er retta mot marin og maritim sektor og reiselivsnæringa. Dei bransjeretta ordningane som vert avvikla eller reduserte i framlegget til 2015-budsjett, er vidare meir bemanningsintensive enn dei ordningane som det er gjort framlegg om å styrke. Vidare har Regjeringa foreslått ein reduksjon i løyvinga til administrasjon av selskapet for å auke effektiviteten. Samla tyder dette at Innovasjon Noreg i 2015 må omstille si verksemd og redusere antal tilsette. Denne prosessen har selskapet no starta, for å betre møte næringslivet sine behov og med ein riktig kostnadsstruktur. Dette medfører behov for ei særskilt løyving til nedbemanning og omstilling i 2014. Det er rekna ut at selskapet må nedbemanne med mellom 40 og 55 årsverk. Løyvinga skal dekke lønskostnader fram til ny organisasjon er på plass og i oppseiingsperioden, kostnader knytt til juridisk bistand, karriererettleing m.m. Det vert ikkje gjeve lønskompensasjon for å slutte i selskapet.

Selskapet har ikkje eigenkapital til dekkje omstillingskostnader, og i tråd med Lov om Inno-

vasjon Noreg framgår det at eigarane må dekkje forplikingane til selskapet. Middel til omstilling må settes av i selskapet sin rekneskap det året avgjerda blir gjort.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 43,5 mill. kroner, frå 356,65 til 400,15 mill. kroner.

*Post 75 Marint verdskapingsprogram**Tilføyning av stikkord*

Det vil kunne ta tid frå det blir gitt tilsegn til tilskotet blir utbetalt. For å kunne overføre den delen av tilskotet som ikkje blir utbetalt i 2014 til 2015, foreslår Nærings- og fiskeridepartementet at løyvinga blir gjort overførbar. Programmet er ikkje vidareført i Regjeringa sitt framlegg til budsjett for 2015.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga blir tilføydd stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II.

*Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Selskapet betalar òg ein låne- og garantiprovisjon på 1 pst. p.a. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid på frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag bruttoførast, dvs. at beløpa utgifts- og inntektsførast (akkumulert) kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa. Løyvinga vil variere meir som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna enn som følgje av endringar i utlånsvolumet. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2014 er basert på realiserte innlån og avdrag så langt i år og prognosar på innlån og avdrag for resten av året.

Innlåna har blitt auka noko ut over det som låg til grunn ved salderinga av budsjettet for 2014. Dette inneber òg at avdraga blir auka, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,75 mrd. kroner, frå 41,75 til 45,5 mrd. kroner.

**Kap. 2426 Siva SF***Post 90 Lån, overslagsløyving*

Siva SF kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Selskapet betalar òg ein låne- og garantiprovisjon på 1 pst. p.a. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5326. Siva SF har ei innlånsramme på 700 mill. kroner. Ved saldering av budsjettet for 2014 la ein til grunn at Siva SF ville refinansiere lån på til saman 100 mill. kroner. Siva SF har tatt opp mindre lån enn det som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2014.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner, frå 100 til 70 mill. kroner.

**Kap. 2429 Eksportkreditt Noreg AS***Post 70 Tilskot*

I Saldert budsjett 2014 vart det løyvd 105 mill. kroner i tilskot til Eksportkreditt Noreg AS. Tilskotet skal dekkje alle utgifter til investeringar og administrasjon av selskapet og utlånsordninga som selskapet forvaltar. Ein ny gjennomgang av økonomien i selskapet syner at tilskotet for 2014 kan reduserast med 4,5 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner, frå 105 til 100,5 mill. kroner.

*Post 71 Vidarefakturerte utgifter*

I Saldert budsjett 2014 blei det løyvd 0,2 mill. kroner til å dekkje eventuelle mindre tap i tilknytning til vidarefakturering av utgifter under eksportkredittordninga. Det er ikkje naudsynt å nytte posten i 2014.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner, frå 0,2 mill. kroner til 0.

*Post 90 Utlån*

I Saldert budsjett 2014 vart det løyvd 19,5 mrd. kroner til utbetaling av utlån under ordninga. Stortinget gav òg ei fullmakt til å overskride løyvinga.

Ein ny gjennomgang av faktiske og forventade låneutbetalningar frå Eksportkreditt Noreg AS, viser at samla utbetalningar kan bli om lag 26,9 mrd. kroner i 2014. Hovudårsaka er at fleire av prosjekta har blitt ferdigstilte tidlegare enn forventade, særleg enkelte nybygg av skip.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,4 mrd. kroner, frå 19,5 til 26,9 mrd. kroner.

**Kap. 3902 Justervesenet***Post 01 Gebyrinntekter*

Flytting av kapasitet frå gebyrpliktige tilsyn til tenester som Teknisk kontrollorgan (TKO), prioritering av uanmeldte tilsyn i fiskerisektoren og drosjenæringa og noko mindre kapasitet generelt til tilsyn, gjev ei redusert gebyrinntekt i høve til gjeldande løyving.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 7,9 mill. kroner, frå 70,8 til 62,9 mill. kroner.

*Post 03 Inntekter frå sal av tenester*

Prioritering av kapasitet til TKO-oppdrag for å ferdigstille bestillingar i marknaden har ført til auka inntekter på 2,5 mill. kroner ut over gitt løyving.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 11,2 til 13,7 mill. kroner.

**Kap. 3904 Brønnøysundregistra***Post 01 Gebyrinntekter*

Omfanget av gebyrpliktige registreringar i Brønnøysundregistra har auka meir enn forventade i 2014. Dette gjeld særleg Lausøyreregisteret og Føretaksregisteret.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 25 mill. kroner, frå 525 til 550 mill. kroner.

*Post 03 Refusjonar og inntekter knytt til forvaltning av Altinn-løysinga*

Løyvinga foreslås auka med 15 mill. kroner, frå 57 til 72 mill. kroner, mot tilsvarande auke under kap. 904, post 22, jf. omtale under kap. 904, post 22.

**Kap. 3911 Konkurransetilsynet***Post 02 (ny) Lovbrottsgebyr*

Konkurransetilsynet kan gje pålegg om gebyr og tvangsmulkt mellom anna ved brot på konkurranselovera sitt forbod mot konkurranseavgrensande samarbeid, forbod mot å nytte dominerande stil-

ling og påbod om ordinær melding av foretaks-sammenslutninger. Ved ein inkurie vart det ikkje oppretta ein post for gebyr for lovbrøt i statsbudsjettet for 2014. Hittil i 2014 er lovbrøtsgebyr førebels postert på kap. 3911, post 01 Klagegebyr og vil bli ompostert til ny post 02. For 2014 er det berekna at Konkurransetilsynet vil motta 26 mill. kroner i lovbrøtsgebyr.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på ny post 02 på 26 mill. kroner.

#### *Post 03 (ny) Ymse inntekter*

Frå 1. juli 2012 er myndigheit til å gje pålegg om lovbrøtsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar lagt til domstolane, men dette gjeld berre saker der ein har inngått kontrakt etter 1. juli 2012. I saker der ein har inngått kontrakt før 1. juli 2012, har Klagenemnda for offentlege anskaffingar enno myndigheit til å gjere det. Ved ein inkurie vart det ikkje oppretta ein post for lovbrøtsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar i statsbudsjettet for 2014. Hittil i 2014 er lovbrøtsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar førebels postert på kap. 3911, post 01 og vil bli ompostert til ny post 03. For 2014 er det berekna at summen for gebyr ved ulovlege direkte anskaffingar blir om lag 21 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på ny post 03 på 21 mill. kroner.

### **Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap**

#### *Post 96 Sal av aksjar*

I Saldert budsjett 2014 er det løyvd 25 mill. kroner frå mogelege statlege aksjesal. Endelege og fullstendige inntektsbeløp for dei einskilde aksjesala er føresett løyvd i løpet av budsjettåret når transaksjonane er avklara eller gjennomførde, enten i egne proposisjonar eller i dei faste endringsproposisjonane i vår- og haustsesjonen.

#### *Tilbakekjøpsavtalar*

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap kan gi styret fullmakt til å kjøpe tilbake egne aksjar med det føremålet å slette desse aksjane på eit seinare tidspunkt. Slettinga inneber nedsetting av selskapskapitalen og må vedtakast av ei ny generalforsamling. Dette er ein metode der eigenkapital tilbakeførast til aksjonærane.

Nærings- og fiskeridepartementet har dei siste åra inngått avtalar som forpliktar staten til å delta ved slike tilbakekjøp. Avtalane er utforma slik at staten sin eigardel blir uendra etter kapitalnedsettinga. Avtalane er offentlege og regulerer òg utrekning av vederlaget som staten skal ta i mot. Nærings- og fiskeridepartementet inngjekk i 2013 slike tilbakekjøpsavtalar med DNB ASA, Telenor ASA og Yara International ASA.

#### *Telenor ASA*

Generalforsamlinga i Telenor ASA gav i mai 2013 styret i selskapet fullmakt til å erverve inntil 46 mill. egne aksjar, tilsvarande om lag 3 pst. av selskapet sin aksjekapital. Fram til våren 2014 kjøpte selskapet 6 981 748 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og 8 184 493 aksjar frå staten, blei vedteke på ordinær generalforsamling i Telenor ASA i mai 2014. Etter at kapitalnedsettinga hadde trått i kraft fekk staten utbetalt eit vederlag på 1 047,6 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 54 pst.

#### *Yara International ASA*

Generalforsamlinga i Yara International ASA gav i mai 2013 styret i selskapet fullmakt til å erverve egne aksjar inntil 5 pst. av selskapets aksjekapital i marknaden og frå staten. Fram til november 2013 kjøpte selskapet 1 450 000 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og 823 135 aksjar frå staten, blei vedteke på ordinær generalforsamling i Yara International ASA i mai 2014. Etter at kapitalnedsettinga var sett i kraft fekk staten utbetalt eit vederlag på 211,4 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 36,2 pst.

#### *Sal av aksjar i Cermaq ASA*

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget 13.12.13, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 og Innst. 8 S (2013–2014), aksepterte staten v/Nærings- og fiskeridepartementet 20. oktober 2014 eit frivillig tilbod frå eit dotterselskap av japanske Mitsubishi Corporation om kjøp av samtlige aksjar i Cermaq ASA. Staten solgte 54 731 604 aksjar for 5 254,2 mill. kroner. Staten sin eigardel i Cermaq ASA ble dermed redusert frå 59,17 pst. til null.

### *Sal av aksjar i Entra ASA*

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget 13.12.13, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 og Innst. 8 S (2013–2014), solgte Nærings- og fiskeridepartementet 38,9 mill. aksjar i Entra ASA i oktober 2014 i samband med børsnotering og delprivatisering av selskapet. Salsummen utgjorde 2 530,4 mill. kroner.

I samband med salet lånte staten ut om lag 12 mill. aksjar som ledd i ein stabiliseringsmekanisme for kursen. Av desse vart vel 11,6 mill. aksjar selde for til saman 753,7 mill. kroner. Staten sin eigardel i Entra ASA ble dermed redusert frå 100 pst. til 49,9 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9 772,3 mill. kroner, frå 25 til 9 797,3 mill. kroner.

### **Kap. 5325 Innovasjon Noreg**

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån til Innovasjon Noreg frå statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av noko høgare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2014, er det behov for å auke løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,8 mrd. kroner, frå 42,2 til 45,0 mrd. kroner.

### **Kap. 5326 Siva SF**

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån til Siva SF frå statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2426, post 90 ovanfor. Siva SF har innbetalt eit lån på 70 mill. kroner i 2014.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner, frå 100 til 70 mill. kroner.

### **Kap. 5329 Eksportkreditt Noreg AS**

#### *Post 70 Gebyr m.m.*

I Saldert budsjett 2014 vart det løyvd 40 mill. kroner til gebyrinntekter under eksportkredittordninga som Eksportkreditt Noreg AS handsamar. Nytt overslag på gebyrinntekter under ordninga er 55 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 15 mill. kroner, frå 40 til 55 mill. kroner.

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

I Saldert budsjett 2014 vart det løyvd 6,35 mrd. kroner i avdragsinnbetalningar under eksportkredittordninga som Eksportkreditt Noreg AS forvaltar. Nytt overslag tyder på at avdragsinnbetalingane under ordninga aukar til 14,25 mrd. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,9 mrd. kroner, frå 6,35 til 14,25 mrd. kroner.

### **Kap. 5613 Renter frå Siva SF**

#### *Post 80 Renter*

Siva SF kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Som følgje av rentestrukturen på statspapira til dei nye låna til Siva SF i 2014, er det grunnlag for å auke løyvinga med om lag 1,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner, frå 21,9 til 23,1 mill. kroner.

### **Kap. 5625 Renter og utbytte frå Innovasjon Noreg**

#### *Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån til låneordningane sine til valfri løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av faktiske renteinbetalningar og prognosar for resten av året er det grunnlag for å redusere løyvinga på grunn av lågare rentesatsar enn tidlegare lagt til grunn.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner, frå 265 til 235 mill. kroner.

### **Kap. 5656 Aksjar i selskap under NFD si forvalting**

#### *Post 85 Utbytte*

I høve til tidlegare overslag for utbytte, som blei auka til 12 067,253 mill. kroner i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2014, er innbetalt utbytte frå selskapa 180 mill. kroner høgare. Dette skul-

dast at det var lagt til grunn eit utbyte på 169,7 mill. kroner frå Flytoget AS. Faktisk utdelt utbyte frå selskapet utgjorde 399,7 mill. kroner. På den andre sida er innbetalt utbyte frå Argentum Fondsinvesteringer AS 50 mill. kroner lågare enn opphaveleg lagt til grunn.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 180 mill. kroner, frå 12 067,253 til 12 247,253 mill. kroner.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Nærings- og fiskeridepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2014 under Nærings- og fiskeridepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 336 856 000 til kr 334 156 000	2 700 000
	30	Miljøtiltak Søve, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 20 500 000 til kr 1 300 000	19 200 000
904		Brønnøysundregistra	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 324 550 000 til kr 323 445 000	1 105 000
	22	Forvaltning av Altinn-løysinga, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 235 200 000 til kr 250 200 000	15 000 000
911		Konkurransetilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 88 965 000 til kr 91 665 000	2 700 000
919		Ymse fiskeriformål	
	60	Tilskot til kommunar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 481 662 000 til kr 160 554 000	321 108 000
922		Romverksemd	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir redusert med..... frå kr 164 900 000 til kr 160 300 000	4 600 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med ..... frå kr 344 300 000 til kr 341 500 000	2 800 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med ..... frå kr 258 500 000 til kr 297 200 000	38 700 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, blir redusert med..... frå kr 54 900 000 til kr 49 500 000	5 400 000
926		Drift av forskningsfartøy	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 213 280 000 til kr 39 780 000	173 500 000
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 25 700 000 til kr 98 300 000	72 600 000
960		Raufoss ASA	
	71	Refusjon for miljøtiltak, blir redusert med..... frå kr 8 300 000 til kr 4 400 000	3 900 000
2421		Innovasjon Noreg	
	70	Bedriftsutvikling og administrasjon, blir auka med..... frå kr 356 650 000 til kr 400 150 000	43 500 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 41 750 000 000 til kr 45 500 000 000	3 750 000 000
2426		Siva SF	
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 100 000 000 til kr 70 000 000	30 000 000
2429		Eksportkreditt Noreg AS	
	70	Tilskot, blir redusert med..... frå kr 105 000 000 til kr 100 500 000	4 500 000
	71	Vidarefakturerte utgifter, blir redusert med..... frå kr 200 000 til 0	200 000
	90	Utlån, blir auka med..... frå kr 19 500 000 000 til kr 26 900 000 000	7 400 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3902		Justervesenet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med..... frå kr 70 800 000 til kr 62 900 000	7 900 000
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir auka med..... frå kr 11 200 000 til kr 13 700 000	2 500 000
3904		Brønnøysundregistra	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 525 000 000 til kr 550 000 000	25 000 000
	03	Refusjonar og inntekter knytt til forvaltning av Altinn-løysinga, blir auka med ..... frå kr 57 000 000 til kr 72 000 000	15 000 000
3911		Konkurransetilsynet	
	02 (ny)	Lovbrottsgebyr, blir løyvd med.....	26 000 000
	03 (ny)	Ymse inntekter, blir løyvd med.....	21 000 000
3917		Fiskeridirektoratet	
	13	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir redusert med ..... frå kr 1 204 155 000 til kr 904 155 000	300 000 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	96	Sal av aksjar, blir auka med..... frå kr 25 000 000 til kr 9 797 300 000	9 772 300 000
5325		Innovaasjon Noreg	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 42 200 000 000 til kr 45 000 000 000	2 800 000 000
5326		Siva SF	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med..... frå kr 100 000 000 til kr 70 000 000	30 000 000
5329		Ekspportkreditt Noreg AS	
	70	Gebyr m.m., blir auka med ..... frå kr 40 000 000 til kr 55 000 000	15 000 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 6 350 000 000 til kr 14 250 000 000	7 900 000 000
5613		Renter frå Siva SF	
	80	Renter, blir auka med..... frå kr 21 900 000 til kr 23 100 000	1 200 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med ..... frå kr 265 000 000 til kr 235 000 000	30 000 000
5656		Aksjar i selskap under NFD si forvaltning	
	85	Utbyte, blir auka med ..... frå kr 12 067 253 000 til kr 12 247 253 000	180 000 000

## II

## Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at det for løyvinga i statsbudsjettet for 2014 under kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 75 Marint verdiskapingsprogram, blir lagt til stikkordet «kan overførast».

---



---